

Merknad til forskrift for grønne sertifikat med høyringsfrist 28.10.2011

For anlegg som alt er bygt, er hovudregelen regulert i § 9 som sier:

”§ 9 Krav til produksjonsanlegget

Anlegg for produksjon av elektrisk energi basert på fornybare energikilder må:

a) ha hatt byggestart etter 7. september 2009,

b) være et vannkraftverk med installert effekt inntil 1 MW som hadde byggestart etter 1. januar 2004. For slike anlegg defineres installert effekt som 0,85 ganger påstemplet merkeytelse på generator, eller

c) varig øke sin energiproduksjon med byggestart etter 7. september 2009.”

Samtidig er det gjort ein definisjon av produksjonsanlegg som er slik:

”

C) Produksjonsanlegg; en innretning for produksjon av elektrisk energi”

Ein vidare definisjon av korleis eit produksjonsanlegg er, er ikkje gjort anna enn at det i vedlegg 1 er definert kva opplysningar som skal gjevast i søknaden til NVE.

I forskrifta er det vist til at det kan gjevast ein tildelingsdel for grønne sertifikat mellom 0 og 1. Dette forstår me som ein prosent mellom 0 – 100%.

Meir om vår aktuelle problemstilling

Hardanger Energi AS er medeigar i eit minikraftverk på Reisæter, og måten forskrifta er skriven på gjer det uklart om dette anlegget kjem inn under regelverket eller ikkje. Me vil difor gjera greie for denne problemstillinga, argumentera for den løysinga me ser som naturleg og gjera eit forslag til korleis dette etter vårt syn kan løysast.

Reisæter kraftverk AS er eigd 60% av grunneigarane på Reisæter, 20% av Hardanger Energi AS og 20% av Kraftkarane AS. Kraftverket fekk løyve til produksjon gjennom konsesjonsfritak for Strutåni 04.10.2006 og konsesjonsfritak for Bleieelva 04.06.2007. Dette er såleis to utbyggingar med egne inntak og eige røyrgate i to ulike elvar på Reisæter der avstanden mellom inntaka er om lag 400 meter. Inntakt i Strutåni ligg på kote 480 medan inntaket på Bleieelva ligg på kote 440. Men ut frå ei samla vurdering valde me å byggja ein felles kraftstasjon der generator og turbin for kvar av desse elvane vart plassert. Den eine generatoren som gjeld Strutåni er på 1194 kVA og med omrekningsfaktor på 0,85 vil produsera etter NVE sin formel verta 1015 kW. Den andre generatoren som gjeld Bleieelva er på 499 kVA, og med omrekningsfaktor på 0,85 vil den produsera 424 kW. Fordi et er ulik fallhøgd i dei to elvane er dette anlegget bygt med egne røyrgate slik at det ikkje er mogeleg verken praktisk eller teoretisk å overføra vatn frå den eine elva til turbinen for den andre elva.

Kraftverket klarar å skilja kva produksjon som kjem frå kvar av desse generatorane.

Normalt ville det vorte bygt to kraftverk med egne inntak, egne røyrgate og egne kraftstasjonsbyggingar. Men ut frå miljøomsyn, samfunnsøkonomi og bedriftsøkonomi valde me å byggja begge generatorane og turbinane i same bygg. I og med at det er ulik fallhøgd måtte det byggjast to ulike turbinar med tihøyrande generatorar, og desse er bygt adskilt frå kvarandre utan at det er mogeleg å overføra vatn frå f.eks Strutåni til å koma inn til turbinen for Bleieelva, eller

omvendt. Inntak og røyrgate er bygt adskilt på same måte som det ville vorte bygd om det var to ulike kraftanlegg.

Intensjonen bak vedtaket om grønne sertifikat skal vera at små anlegg (mindre enn 1 MW) skal koma inn under ordninga dersom bygginga er starta etter 1. januar 2004 som bunnar i ulike politiske lovnadar opp gjennom åra. I dette tilfellet som er omtalt i denne uttalen, er normalsituasjonen at det ville vore bygd to ulike anlegg, eit anlegg på 1194 kVA og eit anlegg på 499 kVA. Hadde dette vore plassert i to ulike bygg, meiner eg dette ville falle inn under reglane for tildeling av grønne sertifikater. Men i dette tilfellet har me av mellom anna miljømessige årsaker bygd desse to anlegga i same kraftstasjon som to ulike anlegg som det ikkje er mogeleg å overføra vatn mellom. Me ser difor dette som to anlegg, og meiner at ei slik løysing må sidestilla med at det ville vorte bygt to separate kraftverksbygg. Ut frå dei politiske signal som er vorte gitt om grønne sertifikat, kan me heller ikkje sjå at vår argumentasjon strir mot det som me oppfattar som hovudargumenta til politikarane.

Me er då tilbake til definisjonen av produksjonsanlegg som er uklar i forhold til denne problemstillinga. Me vil føreslå at definisjonen av produksjonsanlegg vert slik:

”C) Produksjonsanlegg; en innretning for produksjon av elektrisk energi. Vasskraftanlegg, bygd etter separate konsesjonar eller konsesjonsfritak, med eige inntak, røyrgate og turbin plassert i felles kraftstasjon vert rekna som separate produksjonsanlegg dersom vatn ikkje kan overførast mellom turbinane.”

Som vedlegg ligg ei kartskisse over anlegget til Reisæter kraftverk AS saman med dei to ulike konsesjonsfritaka frå NVE.

Vedlegg:

Konsesjonsfritak for Strutåni dagsett 04.10.2006

Konsesjonsfritak for Bleieelva dagsett 23.11.2007

Kartskisse over inntaka og kraftverket til Reisæter kraftverk AS